



Nissedal kommune – Kviteseid kommune
Interkommunalt plankontor



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: «REF»	Vår ref 2009/1277-30	Saksbeh: Sveinung Seljås,35048430 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	Arkivkode: L12	Dato: 03.01.2012
-----------------------------	--------------------------------	--	--------------------------	----------------------------

N - 33/45 m.fl - Reguleringsplan Treungen sør - 2.gongs behandling - nytt offentlig ettersyn - ny høyring.

Her følger særutskrift av formannskapsak 002/10.

Som det går fram av denne saksutskrifta, kjem planen nå til andre gongs høyring to år etter vedtaket. Bakgrunnen er at dette planarbeidet, ut frå signal om at det førebels ikkje ville bli løyvd pengar til den nye g/s-vegen, blei sett på vent. Situasjonen har endra seg, og vedtaket om å legge omarbeidd plan ut til ny offentlig høyring blir difor nå sett i verk.

Planen er omarbeidd i samsvar med det formannskapet la til grunn i vedlagte sak. I tillegg er planen justert for vedtak som i mellomtida er gjort vedkomande det tidlegare sivilforsvarslageret. Dette har nå fått reguleringsføremålet *forretning/kontor/tenesteyting*.

I dei to tidlegare saksutgreiingane er det lagt til grunn at planendringa skulle skje etter gammal planlov sidan planoppstart var varsla før 01.07.09. Dette har vist seg lite praktisk. Kommunen har difor vald å fremje planendringa etter ny planlov. Det har fått som konsekvens at både plankart og planføresegner måtte omarbeidast i samsvar med dei nye lovkrava. Når det gjeld planføresegnene, har kommunen også vald ei omredigering, men der innhaldet frå 1996-planen er vidareført. Det vil difor ikkje vere samsvar mellom punkttilvisingar i gamle og nye føresegner.

Det blir her lagt ved plankart (i A3) og planføresegner. Planen, kart og føresegner er også lagt ut på heimesida til kommunen, www.nissedal.kommune.no Zooming der vil gjere det lettare å sjå detaljar i kartet.

Planen blir nå sendt på ny høyring, jf pbl §12-10, høyringsfrist **15.02.2012**. Høyringsinnspel sendast skriftleg til **Nissedal kommune plankontoret 3855 TREUNGEN**.

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef



Nissedal kommune

Arkiv: L12
 Saksmappe: 2009/1277-18
 Sakshandsamar: Sveinung Seljås
 Dato: 12.01.2010

Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Formannskapet	2/10	19.01.2010

N - 33/45 m.fl - Reguleringsplan Treungen sør - 2.gongs behandling - nytt offentlig ettersyn - ny høyring.

Søkar: Nissedal kommune 3855 TREUNGEN

Vedlegg:

- Gjeldande reguleringsplan, del 1 og del 2.
- Høyringssvar, Fylkesmannen i Telemark, dat. 15.09.09.
- Høyringssvar, John Brommeland, dat. 06.10.09.
- E-post-korrespondanse Telemark fylkeskommune- Nissedal kommune, dat. 05./07.10.09.
- Høyringssvar, Telemark fylkeskommune, dat. 08.09., mottatt 13.10.09.
- Høyringssvar, Statens vegvesen, dat. 15.10.09.

Fakta i saka:

Bakgrunnen for saka er omtala slik i saksframstillinga til formannskapssak 077/09: *Gjeldande reguleringsplan Treungen sør, del 1 og del 2 blei vedteken 27.06.96. Eit reguleringsplanvedtak heimlar rett for kommunestyret til å oreigne i medhald av reguleringsplanen. Denne retten må etter pbl §31 2.ledd nyttast innan ti år. Retten er ikkje nytta, og planen må, for å gje oreigningsheimel, behandlast og vedtakast på nytt i samsvar med pbl §§27-1, 27-2 og 27-3.*

Ny g/s-veg er lagt inn i planen. Det er nå god von om at g/s-vegen kan bli realisert innan ein tidshorisont på 5-10 år. Men dette føreset at kommunen/vegvesenet kan sikre seg grunn til vegframføringa.

Det er dette, og ønske om å kunne gjere nytt planvedtak etter eksisterande planlov, som gjer at saka blir tatt opp nå.

Etter vedtak i planutvalet 28.05.09 (sak 063/09) annonserte kommunen planoppstart. Meldinga sto i VTB, på heimesida til kommunen, og blei sendt direkte til grunneigarane i planområde som grensa til vestsida av rv41, og til statlege og fylkeskommunale faginstansar. Innspelsfristen blei sett kort, 10.06.09 då det blei presisert at planprosessen hadde som einaste siktemål å vidareføre planinnhaldet i gjeldande plan.

Til varselet kom det bare eitt svar, frå Fylkesmannen, som skreiv at det ikkje var merknader til planen på dåverande tidspunkt.

Formannskapet tok i møte 25.06.09 opp planen til fyrste gongs behandling (sak 077/09) og vedtok å legge han ut til offentlig ettersyn/sende han på høyring, uendra i høve til vedteken plan

frå 1996. I mellomtida fekk kommunen inn innspel frå Statens vegvesen om at kravet til breidde på g/s-veg var auka sidan 1996, og at dette burde føre til endringar i planen.

Sidan vedtaket om å legge planen ut til offentleg ettersyn blei sendt ut fyrst etter sommarferien, blei høyringsfristen og ettersynsperioden tilsvarande skuva ut i tid. Fristen blei sett til 15.10.09, annonsert i VTB og på heimesida til kommunen.

Før fristen var ute, tok Telemark fylkeskommune kontakt for å signalisere at fylkeskommunen v/ kulturminnevernet ville legge ned motsegn mot ei ny godkjenning av eksisterande plan.

Grunngjevinga var at den planviste løysinga for kryssing av ny g/s-veg over Tveitsundet, var i konflikt med vernevedtaket for Tveitsund bru, eit vernevedtak som hadde kome etter plangodkjenninga i 1996. Som kopi av e-post-korrespondansen mellom Telemark f.k. og Nissedal k. syner, gav dette som resultat at planprosessen blei sett på vent.

Det kom tre uttalar til planen:

Telemark fylkeskommune tek i uttalen sin atterhald for kulturminna. Her vil fylkeskommunen avvente nytt utspel frå kommunen, slik dette er skissert i e-posten av 07.10.09.

Fylkeskommunen minner elles om at energiøkonomisering/miljøkrav, folkehelseperspektivet i høve til universell utforming og trafikktryggingstiltak i form av fartsreduserande tiltak bør kome klarare fram i føresegnene til planen.

John Brommeland, eigar av 33/102 og 33/158 protesterer på at areal tilhøyrande hans eigedomar er regulert til gangveg/ fortau. Reguleringa vil gje negative konsekvensar for bruk av arealet og eksisterande anlegg (trapp, innkøyringar og parkeringsplassar), og øydelegge for framtidig næringsdrift.

Statens vegvesen tek opp att opplysinga om at vegnormalane er endra frå 1996, m.a. ved at minste vegbreidde for g/s-veg er auka frå 3,0m til 3,5 m, at det er kome nye frsiktskrav i kryss mellom avkøyrslar og g/s-veg, og nye krav for busslommer (lengre). I tillegg ber vegvesenet om at §8.1 i føresegnene blir endra til denne ordlyden; *Terrenget i frisktsonene må ikkje vere høgare enn tilstøytande køyrebane, og sikthindrande vegetasjon eller gjenstandar høgare enn 0,5 m er ikkje tillete i frisktsonene,*

Ut frå at planen nå blir føreslegen endra på fleire punkt, både i avgrensing og innhald, må planen leggest ut til fullt nytt offentleg ettersyn og sendast på ny høyring. Ved konstruksjon av nytt plankart, vil det også bli nytta nyaste opplysingar i grunnlagskartet.

Sidan planen var fyrstegongsbehandla av kommunen før 01.07.09 blir planen ført fram til eventuell godkjenning etter gammal pbl-lov, i samsvar med vedtekne overgangsordningar.

Vurdering:

Det primære er å skaffe kommunen ny oreigningsheimel slik at eit svært viktig trafikkiksikrings-tiltak kan gjennomførast, også om det skulle få midlar før oppsett tidsplan. Innhaldet i reguleringsplanen ville ha blitt ståande uavhengig av ny planprosess. Prosessen er sett i gang aleine for å vinne att oreigningsheimelen som er gått tapt.

Når dette har synt seg meir komplisert enn venta, og planen uansett må ut på ein ny høyringsrunde, må det også kunne drøftast om andre planendringar kan vere aktuelle. Det blir derimot frårådd å opne for ein fullstendig ny gjennomgang av planen, både ut frå tidsbruken og kost/nytte-vurderingar av eit slikt tiltak. Nokre endringar i plankart og planførsesegner må likevel kome inn før planen blir lagt ut til andre gongs ettersyn/sendt på ny høyring.

- Planen må få ei ny nordre avgrensing som følgjer Fjonevegen, RV41 og grensa mellom B2 og T1. Endringa blir gjort for å unngå motsegn i samband med planlagt g/s-vegframføring over Tveitsundet. Endringa inneber difor ei avkorting av kva som raskt kan realiserast som ny g/s-veg, dvs strekninga frå Fjonevegen og sørover.

- Vegbreidde for g/s-veg med tilhøyrande annan veggrunn må utvidast i samsvar med nye vegnormalar (+ 0,5 m). Frisiktsoner og busslommer må også innarbeidast i samsvar med vegvesenets krav.
- Sagvegen må bestå som ein gjennomgangsveg.
- Bustadtomter i byggeområda må korrigerast i samsvar med dei faktiske tilhøva, og ønsket om å tilby større tomter.
- Anlegget til forsvaret blir omregulert til forretning/lager.
- Føresegn §8.1 blir korrigert i samsvar med innspel frå vegvesenet.
- Føresegnene blir justerte i høve til at planen er avkorta.

Det blir ikkje gjort andre endringar i planføresegnene som følgje av høyringssvara i denne runden. Det kan stillast spørsmålsteikn ved om tilrådingane frå fylkeskommunen kjem på bakgrunn av ei konkret vurdering av området, eller om dette er generelle vendingar, jf at det her i stor grad dreier seg om eit etablert bumiljø med tilhøyrande infrastruktur. Ei vidare avgrensa utbygging vil ikkje kunne forsvare store felleskostnader i t.d. sentralvarmeanlegg. Oppfylgging av krav til energiøkonomisering og universell utforming må her i hovudsak sikrast ved god oppfylgging av dei nasjonale byggforskriftene for kvart enkelt-tiltak. Også når det gjeld trafiksikringstiltak, synest tilrådinga litt på sidelina; Det viktigaste tiltaket må sjølvstøtt vere g/s-vegen. All offentleg veg innom planområdet har fartsgrense 50 km/t. Det kan vurderast å setje denne ned til 30 km/t på kommunale vegstrekningar, eventuelt kombinert med fartshumpar, men dette er ikkje tiltak som krev arealplanavklaringar. Slike tiltak, som t.d. innsnevring av vegbane eller omlegging av vegtrasè, blir derimot sett på som uaktuelle.

Merknadene frå John Brommeland er for så vidt aktuelle, i og med at planen legg opp til at det innregulerte fortauet langs Fjonevegen skal godkjennast på nytt. Heimelen til oreigning er t.d. også borte for dette tiltaket. Merknadene kjem derimot i eit noko underleg lys i og med at planen har vore rettskraftig frå 1996, og utan at vedtaket då blei klaga på frå eigarane som blei berørt av dette tiltaket, inklusive 33/102 og 33/158. Det er difor ikkje funne grunnlag for på nåverande tidspunkt å kome med endringsforlag her.

Notvadmoen, heilt sør i planområdet, ligg som jord- og skogbruksområde i planforslaget. Arealet er i si tid kjøpt av kommunen med tanke på bustadfelt. I dag er det ikkje ført kommunalt v/a-nett lenger ned enn til Shell-stasjonen. Om arealet framleis er aktuelt for utbygging, bør ein også ta kostnadene med ein detaljregulering av dette området nå, men dette ligg ikkje inne i tilrådinga frå rådmannen.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet legg i medhald av pbl §27-1 omarbeidd forslag til reguleringsplan for Treungen sør del 1 og del 2 i samsvar med saksframstillinga ut til andre gongs offentleg ettersyn og sender det på ny høyring til aktuelle høyringsinstansar.

Ettersynsperiode blir frå 01.03.- 15.04.10 og høyringsfristen fastsett til 15.04.10.

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.01.2010

Votering: Samrøystes for tilråding.

Vedtak

Formannskapet legg i medhald av pbl §27-1 omarbeidd forslag til reguleringsplan for Treungen sør del 1 og del 2 i samsvar med saksframstillinga ut til andre gongs offentleg ettersyn og sender det på ny høyring til aktuelle høyringsinstansar.

Ettersynsperiode blir frå 01.03.- 15.04.10 og høyringsfristen fastsett til 15.04.10.

